

Øyvind Hardeland Arbeidarparti-leiar

01.03.2009



Møteleiar og politisk nestleiar Erling Boland (til høgre) og nyvald leiar Øyvind Hardeland under årsmøtet på Solheim Turiststasjon sundag.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad Arbeidarparti hadde sundag årsmøte på Solheim Turiststasjon og valde Øyvind Hardeland som leiar for eitt år under Lars Magnar Bjelland sitt fråver.

Asbjørn Fjellhaugen er organisatorisk nestleiar, Erling Boland politisk nestleiar og kasserar og Lise Røyrvik kasserar og kvinnekontakt.

Partiet hadde 100 medlemmer ved årsskiftet og det skal gjennomførast ein vervekampanje..

Hardeland ville ikkje sjå mørkt på situasjonen trass i finanskrisa og trudde at det er mogeleg å koma godt ut av ho. Dessutan er det eit valår og også i Kvinnherad er det etter Hardeland si meining viktig å hjelpe den raudgrøne regjeringa med attvalet. Den nye leiaren hadde også positive ord om pensjonistane, som med si erfaring er ein viktig ressurs.

Å halda årsmøtet på Solheim er ein mangeårig tradisjon for partiet og møtet vart opna med at møteleiar Erling Boland leigde spontant møteplass for for 20 personar også neste år!

Årsmeldinga hadde mellom anna denne formuleringa:

"I Kvinnherad har Synnøve Solbakken vore den sentrale personen som utfører ordførarjobben med dugleik for kommunen og partiet. Kommunestyregruppa har god påverknad på politikken som vert ført".

Årsmeldinga slog også fast at aktiviteten på medlemsmøta har vore god med mange opne debattinnlegg.

Arbeidsplanen for dette året inneholdt mellom anna eit punkt om vidareføring av det gode samarbeidet med nabokommunane med særleg vekt på kommunikasjonane.

Planen har også eitt punkt om trimming av kommunepartiet framfor Stortingsvalet og eitt om å skaffa fram opplysningar om historia til partiet for utlegging på den nye heimesida..

I samband med 1. mai kom det fram svært sprikande oppfatningar om markeringa på Husnes. Einar Opdal hevda at 1. mai-feiringa på Husnes har vore så laber i dei seinare år at ho må kallast ein skam. Han tykta at fagforeininga på Sørlandet hadde skuffa i så måte og heldt fram at noko må gjerast.

Ordførar Synnøve Solbakken hadde hatt ei heilt anna oppleving av 1. mai på Husnes og sa at kjemisk fagforeining hadde stilt opp og gjort dagen til ei fin markering.

- Vi kan vera stolte over at vi framleis kan gå i eit 1.mai-tog, det er ikkje sjølvsagt lenger i Noreg, sa ordføraren.

I ei uttale frå årsmøte heiter det at kommunen i år og neste år vil få store vanskar med å oppnå budsjettbalanse på gurnn av finanskrisa og bortfall av store kommunale inntekter. Men for at innbyggjarane skal få dei beste tenestene kommunen kan levera innafor gjevne økonomiske råmer, vil partiet arbeida for å gjera strukturelle grep innafor helse/omsorg og skule.

Målsettinga med desse grepene er at dei to viktige sektorane kan utføra tenestene på ein meir rasjonell. men likevel brukarvennleg måte.

Partiet vil kalla inn til ein idedugnad på helse- og omsorgssektoren, vart det vedteke på årsmøtet. Det vart hevdat at det føreligg betydelege sparemogelegeiteter og dette vil partiet no sjekka grundigare.

Av Ola Matti Mathisen